



Bilete teke frå blomebutikken teke for ca. 40 år sidan.

I lokala der det no er opna blomebutikk, var det som kjent tidlegare bakeriutsal. Vi har motteke eit om lag 40 år gammalt bilete av bakeriutsalget frå Harald Sætre. Han fortel at han trur at dama på biletet er Solfrid Eidsvik, men han er ikkje 100% sikker.

Det var far til Harald Sætre, Hilmar, som bygde huset i 1938/39, og han starta bakeri og utsal der. På 1960-talet utvida han lokala, og han dreiv verksemda til han slutta av i 1973.

Harald fortel og at han meiner å hugse at faren fortalde at det opphavelig var planen at det skulle byggjast bedehus på denne sentrumstomta. Desse planane vart endra då ungdomshuset vart bygt tidleg i 1930-åra. Det ville vel ikkje høva seg med bedehus og ungdomshus så nær kvarandre. Dermed vart tomte ledig, og Hilmar Sætre kunne gjera seg nytte av den då han kom til bygda og starta oppbygginga av bakeriverksemda .

No er det atter eit blomstrande liv i lokala til beste for bygdelivet.

Thor Inge Døssland.